

**Regionrådet,
16. februar**



**Søknad om Prosjektskjønn
(skjønsmidler) 2018**

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2018

Prioritering av Regionrådet

- 31,0 mill. til prosjektskjøn og generell fordeling i året
- Regionråda har ei koordinerende rolle, skal vurdere søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane.
- Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar
- Føremål – fornyings- og innovasjonsprosjekt som gir kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Gjeld alle tenesteområda
- Alle søknadar som gjeld forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Ikkje kommunale drifts- og investeringsoppgåver og reine næringsutviklingsprosjekt

Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2018.

1. Støtte til lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester.
2. Samfunnstryggleik og beredskap.
3. Tiltak innan miljø- og landbruksområdet, klimatilpassing og tiltak for å redusera klimagassutslepp, t.d.:
 1. planlegging av infrastrukturelle skogbrukstiltak mot ras, flaum og storm
 2. tiltak etter vassforskrifta
 3. planlegging av biogassanlegg som del av interkommunal avfallshandtering i samarbeid med landbruket
4. Interkommunalt planarbeid:
 1. interkommunalt planarbeid i kommunar som skal slå seg saman
 2. prosjekt om kommunale planverktøy / GIS
 3. oppdrett / akvakultur
 4. om massedeponi.
5. Samarbeidsprosjekt av større omfang innanfor IKT og digitalisering som bidreg til at alle kommunane (fylkesnivå/regionnivå) får tilgang til felles kompetanse- og teknologiplattformer.
6. Interkommunale utviklingsprosjekt som bidreg til effektivt tenestesamarbeid i regionar/ område der det har oppstått uføresette endringar som følgje av kommune-reforma.

Fristar

1. **Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 16. mars**
2. Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.
3. For at Regionrådet i Nordhordland skal kunne prioritera og grunngje denne, må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ein projektskisse av prosjektet til post@nordhordland.net **seinast innan fredag 2. mars.**
4. Kopi av endeleg søknad, må sendast Nordhordland Utviklingsselskap IKS, post@nordhordland.net innan fredag 16. mars.
5. Søknadsskjema 2018 ligg på database. <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>
6. Kontaktperson er Rune Heradstveit, mobil 907 53 459, eller e-post: rune@nordhordland.net